



Saksframlegg

Forskrift om skulerute

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Forskrift om skule- og feriedagar, Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

I samband med innføring av ny opplæringslov for grunnskule, skal alle kommunar lage og godkjenne lokale forskrifter på nokre område. Ein har lagt malane som er publisert av Utdanningsdirektoratet som grunnlag.

Etter gamal opplæringslov er det gjort unntak frå kunngjeringskravet i Norsk Lovtidend (Lovdata) i forvaltningslova § 38 for fleire lokale forskrifter. Dette unntaket er fjerna i den nye opplæringslova. Det betyr at kommunane og fylkeskommunane skal kunngjere fleire forskrifter i samband med lova som trådde i kraft 1. august 2024.

Lokale forskrifter som gjeld frå og med hausten 2024 bør i så stor grad som mogleg bli fastsett og kunngjerast etter ny lov. Lokale forskrifter etter gamal lov kan likevel framleis gjelde.

Kommunene og fylkeskommunene skal fastsette lokale forskrifter

Tema	Hvem	Hjemmel
Permisjon fra skolen	Kommunen	Ny lov § 2-2 (4)
Skolefritidsordning (SFO)	Kommunen	Ny lov § 4-5 (5)
Skoleregler	Kommunen og fylkeskommunen	Ny lov § 10-7
Skulerute	Kommunen og fylkeskommunen	Ny lov § 14-1 (2)
Hovedmål ved den enkelte skole*	Kommunen og fylkeskommunen	Ny lov § 15-2
Inntak	Fylkeskommunen	Ny forskrift § 4-5
Formidling	Fylkeskommunen	Ny forskrift § 7-2

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; der det står at ein skal ha god økonomistyring og tilpassa tenestenivå ut i frå tilgjengelege rammer.

Konklusjon:

Fylkeskommunen sender forslag til skulerute for dei to neste påfølgande åra, kvart år. Fylkeskommunen skriv at dersom skuleruta i ein enkelt kommune avvik frå fastsett skulerute, blir skuleskyssen eit økonomisk ansvar for kommunen. Kommunen er økonomisk ansvarleg for eventuell skyss (buss og taxi) på dagar som avvik frå felles skulerute. Start- og sluttidene til skulane har store konsekvensar for skyssopplegget til kvar enkelt skule, og kollektivtilbodet til lokalsamfunnet elles. Elevar med rett til skuleskyss skal som hovudregel nytte allereie eksisterande kollektivtilbod. Kommunen og fylkeskommunen må samarbeide om skuleskyssen, og kommunen skal ta med organisering av skuleskyssen i vurderingane sine når skulerute og dei ordinære start- og sluttidene til skulen blir fastsette, jamfør opplæringslova § 28-7. Ynskje om å endre denne utgjer store kostnader, då skuleskyssen er lagt for fleire kommunar. Det Fyresdal får gjort er å legge på sine 6 planleggingsdagar og evt inneklemt fridagar. Skuleruta for skuleåret 2025-2026 er allereie bestemt, men gjort etter mal for forskrift. Arbeidet med skuleruta og planleggingsdagar blir teke opp av rektor i personalet og medråderettsmøter. Elevane skal ha 190 skuledagar og det er dette samarbeidsutvalet skal godkjenne til slutt. Forskrifta skal leggjast ut på Lovdata etter at den er godkjent av kommunestyret. Forskrifta må ut på høyring i forkant av godkjenning. Høyringsfristen for forskrifter er vanlegvis 6 veker. Høyringsinnspel vil så bli vurdert og lagt fram for kommunestyret i samband med endeleg godkjenning. Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg legg forskrifta ut på høyring.

Etter 6 vekers høyring kom det ikkje inn nokre høyringsuttalar til forskrifta. Frist var 17.06.2025.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forskrift om skulerute blir vedteke slik den ligg føre.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst